



18.10.2004

## **INNKALLING TIL SAMLING I DET NASJONALE NETTVERKET FOR KULTURLANDSKAP**

Det har allereie snart gått fem månader sidan den første samlinga i kulturlandskapsnettverket då me vart samde om å ha eit nytt møte tidleg på hausten i god tid før søknadsfristen for ABMU - prosjekt (15. november). Me har ikkje klart å få til møtet før no, men me håpar likevel det skal vere mogeleg å få til prosjekt i nettverket også i år. På møtet 3. november vil det bli ein presentasjonsrunde av aktuelle samarbeidsprosjekt i nettverket og andre aktuelle kulturlandskapsprosjekt som det er verdifullt for nettverket å vere orientert om.

På sist nettverkssamling vart det valt ei arbeidsgruppe som skulle lage framlegg til ein felles handlingsplan for nettverket. Arbeidsgruppa har arbeidd fram eit forslag som no vert sendt ut til deltakarane som var på den første samlinga. I tillegg vert plan og møteinnkalling sendt til dei institusjonane som har sagt seg interesserte i å delta, men som ikkje kunne møte på den første samlinga. Me har sett av god tid til å handsaming av planen på møtet. Planen er lagt ved møteinnkallinga slik at alle skal få god til å gå gjennom den før møtet.

Me håpar mange vil ha høve til å møte på Tøyen Hovedgård der me og vil få sjå den flotte botaniske hagen og oppleve smakebit på kva "stand-up performance" museumspedagogane har å by på. Samlinga vil vere viktig for arbeidet med å lage ein felles plattform for nettverket, og vil forhåpentlegvis vere ein oppstart på konkrete fellesprosjekt.

Vel møtt !

Med helsing

Liv Byrkjeland  
-fungerande sekretær for nettverket-

### Vedlegg:

- Program
- Handlingsplan


# Innkalling til møte i Nasjonalt nettverk for kulturlandskap

3. november 2004, kl. 10:00 (09:00) – ca 15:45

Tøyen Hovedgård, Botanisk hage, Universitetet i Oslo

## PROGRAM

- 09:00 Kaffi og vandring i Botanisk hage på eiga hand.
- 10:00 Velkommen til 2. samlinga i nasjonalt nettverk for kulturlandskap v/ Kristina Bjureke
- 10:10 **Gjennomgang av utkast til handlingsplan** v/ Liv Byrkjeland  
Innspelsrunde
- 12:00 Pause med lunsj og ein oppkvikkande "stand-up performance"
- 13:00 **Presentasjon av samarbeidsprosjekt** (ca 5-10 - min på kvar)  
Tromsø museum/Vadsø museum  
Høgskulen i Sogn og Fjordane  
Jærmuseet  
Vestfold fylkesmuseum  
Bogstad Gård  
Andre ?
- 14:30 Pause
- 14:45 **Planar framover**  
Val av arbeidsgruppe for nettverket  
Årsplan for nettverket



## PRAKTISKE OPPLYSNINGAR:

**Reisemåtar:** Frå flyplassen – flybuss eller flytoga til Oslo S. Derifrå kan ein ta T-bane til stasjonen som heiter Tøyen, eller buss 31 og 32 til stoppestaden som heiter Lakkegata skole. Buss og t-bane går kvar 10. minutt. Reisa tek ca 15 minutt.

*Tøyen hovedgård*

**Påmelding innan 27. oktober** til:

De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum,  
6854 Kaupanger

Tlf.: 57 67 82 06

E-post: [liv.byrkjeland@dhs.museum.no](mailto:liv.byrkjeland@dhs.museum.no)